Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ting til legedom og vern mot sykdom

Oppskr. av: Johan Moan

(adresse): Leksvik

Fylke: N. Trøndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Leksvik sokn

Gard: Moan

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter foreldra mine – 80 og 78 år gamle.

SVAR

1. Ja, ringar av massing eller koppar, eller blanding av båe delar.

2. Glatt massing- eller kopparringar.

3. Det var omfarande kramkarar som selde desse ringane til godtrune landsfolk, som antin ville bli fri gikta si eller sleppa å få gikt. Prisen sist på 18-hundre-talet var kring 80 öre stykket.

4 og 5. Veit ikkje

<u>6 til 13.</u> Det har ikkje lukkast meg å få greie på nokon ting her i bygda når det gjeld desse spörsmåla.

14. Ja, eg hugsar at eg såg eit par gamlingar som gjekk med örgeringar. Det var visstnok kring 1910. Sidan har det neppe forekomi her i Leksvik.

9283

15. Ringane var, såvidt eg høgsar, vanlege ringar. Dei vart festa på den måten at nokon kleip over øyreflippen med ei vanleg eldtong, til øyreflippen var heilt nåmen. Så vart stukki hol på med ein syl, og så vart ringen sett i.

16. Vanlegvis i båe øyro

17. Dei skulle skjerpa synet.

18-19. Farmor mi, som var född i 1845, brukte øyreringar for augo. Det var og sikkert tilfelle med dei fleste andre.

20 til 22. Ukjend i Leksvik.

-11-

9283

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING